



MATTETIME: «Dr. Kawashima» er eit av spela for Nintendo DS som blir brukt mest i skulesamanheng.

> konsollar og spel

- Dei vanlegaste spelekonsollane er Playstation 2 og 3 (Sony), Nintendo Wii, Xbox 360 (Microsoft). Nintendo DS er ein konsoll med innebygd skjerm i lommestorleik. Ein spelekonsoll er ei datamaskin utvikla spesielt for spel.
- Det finst også dataspel tilpassa PC, Mac og mobiltelefonar. Dataspel kan også spelast på internett.
- Det som ofte blir omtalt som «pedagogiske spel», er primært utvikla for skuleverket. Blant dei mest kjende er «Global Conflicts: Palestine» (laga av selskapet Serious Games), der eleven spelar ein journalist som skal dekke konflikten i Midtausten.

– Norsk skule treng eit spark bak

Norske skular bør snarast ta kommersielle dataspel i bruk, meiner spelsjef i Barnevakten, Odd Arild Olsen.

– **EG FORSTÅR** at eit motargument kan vere kostnader. Men eg ser ikkje at skulen på nokon måte har prøvd å få styresmaktene til å løyve pengar til dette. Eg veit at det finst mange flinke lærarar. Eg skulle likevel ønskje at skulane hadde større ambisjonar på vegner av elevane sine. På den andre sida, eg ser heller ikkje at styresmaktene har gjort særleg mykje, seier Odd Arild Olsen.

Barnevakten er ein organisasjon som gir råd om barn og medium. Det finst grunnar til at organisasjonen har tilsett ein ekspert med dataspel som arbeidsfelt.

– Dataspelindustrien er snart like stor som film- og musikkindustrien til saman, seier Olsen.

HAN MEINER kunnskapsminister Kristin Halvorsen har ein jobb å gjere. Ho arbeider akkurat no med ei stortingsmelding som har som mål å gjere ungdomsskulen betre. Berre tre av ti som kjem seg vidare til vidaregåande, fullfører i dag.

– Arbeidet med stortingsmeldinga er eit glimrande høve til å sjå nærare på dataspel, meiner Olsen.

Vaksne har ofte lite innsikt i den spelverda barn og unge lever i. Og i skulen er dette særleg påtrengande, meiner spelsjefen. Han trur dette har samanheng med den høge gjennomsnittsalderen blant lærarane. Ofte blir dataspel stempla som usunt tidsfordriv, og i den grad det er sunt, er det noko som høyrer fritida til.

– Skulen treng eit spark, bak seier spelsjefen. Ifølgje Olsen kan dataspel gjere læring meir lystprega.

– Barn er vant til skjermar, det er medium dei kjenner. Det er for eksempel ingenting i vegen for å bruke «Singstar» (Playstation) i staden for songboka, seier Olsen.

HAN UNDERSTREKAR at han ikkje har noko imot spesialutvikla spel med pedagogiske intensjonar – som alt er i bruk i norsk skule. Men heile poenget må vere å trekkje inn spel dei unge kjenner og sjølv har valt å bruke, meiner han.

– Det er viktig at det er gøy å spele. Dei kommersielle spela som er utvikla med milliardbudsjett er betre og meir fengjande.

Han er ikkje redd for at dei store, kommersielle spelprodusentane skal skape press i skulen.

– Det er ikkje verre at eit spel er lisensiert av Nintendo enn at det står Cappelen på læreboka.

>>>>



Naturlig, sprø pizzanyhet!

Wagner lanserer en ny serie steinovnsbakte pizzaer med knasende, sprø surdeigsbunn og fyll laget av smakfulle råvarer. Wagner Sensazione Pizza har 100% naturlig smak, uten kunstige aromastoffer og smaksforsterkere.

Prøv alle variantene: **PROSCIUTTO, PEPPERONI, MOZZARELLA OG SPINACI.**



Vinn en iPad!

Gå inn på: delenpizza.no

Du finner Wagner Sensazione hos: Ultra, Meny, Spar og Kiwi.